

Alvorsprat: Festidalen treng deg!

05.08.2016



Festidalen treng fleire frivillige.

No er det alvor. På skikkeleg. Festidalen har alltid klart å verve tilstrekkeleg mange frivillige til å kunne arrangere ein trygg og solid festival, men i år brenn det eit blått lys på laurdagen. Førebels manglar det 13 vakter denne kvelden, og dette gjer at festivalen er i ein svært alvorleg situasjon.

Vi veit at vi gjer grov urett mot uskedelingane ved å oppmøde nettopp dei til å stille, dei som ofrar så mykje for Festidalen på så mange måtar. No gjer vi det likevel. Fordi det så viktig, og fordi vi veit at mange uskedelinger har eit hjarta som bankar ekstra hardt for Festidalen.

Ta kontakt med Mona Enes på tlf 489 94 337 eller gå inn på www.festidalen.no og registrer deg som frivillig. Plis!

Tekst og foto: Festidalen
Nett: Thor Inge Døssland